

*Det eldste luftfotografiet av anlegget på Nærland. Kring 1935 fotograferte Widerøe flyselskap første gong i Hå.*

*Då var bygningane på Nærland tjuve år gamle. Dei tre fremste bygningane er frå venstre pasientbustaden Fensal, Midtgard i midten med gjennomgang til tunet, garasje og vaskeri og Trudvang til høgre. Trudvang tente som bustad for sanatoriedirektøren og for ein del av dei tilsette. I bakgrunnen ligg Idunshall til venstre og Helheim til høgre, nærast sjøen. I Idunshall var mellom anna opphaldsromma for pasientane, kjøkkenet og dokterkontoret. Helheim var den gamle direktørbustaden i radiostasjonstida. I sanatorietida var dokterbustaden der. Vasstårnet ligg midt i tunet. Bak Trudvang ser me litt av den lange trekorridoren bort til den gamle radiomottakarstasjonen. I sanatorietida var badet og behandlingsromma der.*

*\* Widerøearkivet nr. 4101, Hå kommune.*

# SANATORIETIDA PÅ NÆRLAND

## Eit tidsbilete frå åra 1928–1930.

LISABET RISA

*Nærlandheimen står framfor eit tidsskilje. Det er usikkert kva som vil skje med anlegget og bygningane i framtida. Historien om Nærlandheimen som institusjon for psykisk utviklingshemma vil verta bevart for ettertida. Det norske Diakonforbund har teke godt vare på heile arkivet like frå oppstartingsåret for institusjonen deira i 1948. Historien til anlegget frå tida før 1948 er ikkje sikra for ettertida. Det er ikkje så mange att i Hå i dag som kjenner opphavet til bygningane på Nærland og all den verksemda som var der før diakonforbundet si tid.*

Denne artikkelen er eit lite bidrag til historien om anlegget på Nærland og eit tidsbilete frå sanatorietida 1928–1930. Artikkelen er eit resultat av samtalar med mor mi, Valdis Line Risa (f. 1912). Ho var sjukepleieelev ved sanatoriet i 1929–1930. Gunnar Eriksen (f. 1922), son til dr. Erling Eriksen, har lese gjennom artikkelen og kome med supplerande opplysningar om far sin. Opplysningane om kjøp og sal av eigedomen er henta frå panteregisteret for Jæren sorenskrivar-embete, gnr. 7, bnr. 13–20, Nærland i Hå. Widerøe-luftfotografiet på side .. vart teke i midten av 1930-åra. Eksteriør- og interiørfotografia er det den landskjende fotografen Carl Normann som står for. Carl Normann beøkte ein familiemedlem som var pasient ved sanatoriet sommaren 1930. Han tok då ein heil serie med bilete frå Nærland. Desse publiserte han for sal som prospektkort og som ei lita mappe med tolv små bilete.

«A/S Dr. Eriksens fysikalske dietetiske Sanatorium»  
Ordet sanatorium gjev straks assosiasjonar til sjukdomen tuberkulose eller tæring, som folk sa. Etter

1910 vart det opna mange tuberkulosesanatorium i Noreg, her i Rogaland på Tveit i Nedstrand (1915) og på Skåland i Lund (1932). Dette var fylkeskommunale institusjonar. Tuberkulosen var ein alvorleg folkesjukdom då.

Sanatoriet på Nærland vart drive av privatpersonar og for ei heilt anna pasientgruppe, nemleg folk med revmatiske lidningar.

Dr. Erling Eriksen (1889–1935) frå Bryne tok initiativet til sanatoriedrifta. I 1920 opna Eriksen allmennpraksis på Bryne. Kring 1924 praktiserte han eit års tid på Furuly Helseheim på Stord, ein institusjon med same pasientgruppe som på Nærland. Der vart han kjend for eit nytt behandlingssopplegg han lanserte for folk med revmatiske lidningar. Ulike former for fysikalsk behandling og spesielle diettar skulle hjelpa folk til å verta kvitt gikt og andre former for revmatisme.

Dr. Eriksen kom heim til Bryne og tok opp att praksisen sin der. Han ynskte samstundes å arbeida vidare med behandlingstilbodet for folk med revmatiske lidningar. Alt i 1926 ville han kjøpa gardsbruket

Låglia på Sikveland i Time. Han tilbød heile 20.000 kroner for det veglause småbruket, men den dåverande eigaren ville ikkje selja. Det var nok ikkje utan grunn at Eriksen hadde sett seg ut Låglia. Bruket låg lunt til. Der var det ikkje kald vind og fuktig luft frå havet, slik som på Nærland. Nærland var i grunnen ein lite veileigna stad for gikt pasientar. Det var verharder der. Men på Nærland låg det seks store bygningar som stod tomt og venta på nye brukarar i midten av 1920-åra.

Det norske Telegrafvesen kjøpte området på Nærland og reiste bygningane som radiostasjon, «Stavanger Radio», i 1913 og 1914. Radiostasjonen vart flytta til Jeløy i Oslofjorden kring 1920. Då var alt det tekniske opplegget ved anlegget på Nærland avleig. Ein demonterte dei åtte svære mastene, som alle var om lag hundre meter høge. Desse vart flytte til Jeløy. Bygningane med ein del inventar i vart ståande tomt. Arkivet til Teledirektoratet (1854 –) ved Riksarkivet i Oslo har opplysningar om denne første perioden i anlegget på Nærland si historie.

I 1928 kjøpte det private aksjeselskapet «A/S Dr. Eriksens fysikalske dietetiske Sanatorium» eigedomen «Stavanger Radio» av Det norske Telegrafvesen. Kjøpet omfatta bnr. 13 til og med bnr. 20 på garden Nærland. Eit av bruksnummera var eit naust nede ved stranda. Familien Årstad i Stavanger var hovudaksjonærar. Harald Årstad og kona vart direktørpar ved sanatoriet og budde der. Erling Eriksen vart den første dokteren. Han budde på Bryne, der han som nemnt også dreiv privatpraksis.

Me kjenner ikkje til at arkivet etter dette private selskapet er bevart. I arkivet til Jæren sorenskrivarembete ved Statsarkivet i Stavanger finst opplysningar om sjølv aksjeselskapet. Munnleg informasjon frå dei som arbeidde på sanatoriet vert ei hovudkjelde

til kunnskap om drifta og om bruken av bygningane i sanatorietida. Stavanger-avisene inneheld truleg også opplysningar om oppstartinga av sanatoriedrifta. Me har ikkje hatt høve til å undersøkje desse til denne artikkelen.

### **Bygningane på Nærland i sanatorietida**

Dei seks større bygningane og vasstårnet midt i tunet vart ståande slik dei var i radiostasjonen si tid. Bygningane måtte ominnreist. Til sanatoriet opna bygde ein fleire små hytter eller hagepaviljongar og ein lang gang i tre (korridor) frå hovudtunet til «Badet», steinbygningen, som låg nokre hundre meter lenger nord for hovudtunet.




Kring anlegget vaks det låg furuskog. Her var det laga til mange spaserstiar. Fleire av desse hadde utgangspunktet sitt i portar i det tette plankegerdet mot aust og nord.

Alle bygningane hadde egne namn henta frå norrøn historie. Det var dikteren Jon Line som sette namn på dei saman med dr. Eriksen. Line og Eriksen kjende kvarandre godt. Det vart helst namna på dei to bygningane pasientane oppheldt seg i som vart nytta i til dagleg. Dette var Fensal og Idunshall.

Me skal no fortelja kva alle bygningane vart nytta til i sanatorietida. Widerøe-fotografiet på side .. er utgangspunktet for vandringa vår på anlegget.

### *Midtgard*

Midtgard var den lange, låge bygningen dei besøkjande først kom til når dei skulle inn på tunet. Hovudinnkjørsla til tunet gjekk gjennom denne bygningen. I vestre delen (høgre del når me ser på biletet) var det garasje for dokteren sin bil. I austre delen var det vaskeri. To eller tre av dei tilsette budde også i denne bygningen.



Her ser me fire av bileta den landskjende fotografen Carl Normann tok frå Nærbø i 1930. Biletet øverst til venstre viser bygningane frå vegen ned mot anlegget. Til venstre ligg Fensal, så fylgjer Midgard, den låge midtbygningen som vegen gjekk gjennom til tunet, og til høgre skimtar me litt av Trudvang.

Biletet øverst til høgre viser Idunshall og vasstårnet midt i tunet. Biletet nederst til venstre viser Idunshall med dokterkontoret i tillegg. Biletet nederst til høgre viser dokterbustaden og vasstårnet.

\*Foto i privat eige/fotoarkivet Hå folkebibliotek 1984/5 HÅ 23.

### *Fensal*

Fensal var den store bygningen som låg aust for Midtgard, eller til venstre for innkjørsla til tunet. Det var her pasientane budde. Fensal var innreia som eit slags hotell med enkle og doble soverom, både i hovudetasjen og på dei mange kvistroma i loftsetasjen. Ved inngangen var det vaktstove og ei lita daglegstove. Soveroma var innreia med standardutstyr som senger, kommodar og vaskeservantar. Vaskeservantane hadde plater av marmor. Til servantane hørde vassmugger, vaskefat og potter av porselen. Bygningen hadde sentraloppvarming. Ein nytta koks til fyringa. Sanatoriet kunne ta i mot opp til førti pasientar.

### *Idunshall*

Idunshall låg og på venstre sida for innkjørsla, men i søre enden av tunet. Huset hadde tilbygg i vinkel mot nord. I Idunshall låg opphaldsroma til pasientane; matsal med anretning der det var matheis til kjellaren, kombinert leserom/peisestove og biljardrom. Det var her pasientane oppheldt seg når dei ikkje fekk behandling eller gjekk turar i småskogen rundt anlegget. Ei sjeldan gong kom det folk utafra og hadde «opplesingskveldar» i leseromet/peisestova.

I loftsetasjen var det doble soverom som berre vart nytta sommarstid. Roma hadde ikkje sentraloppvarming. Senger og kommodar i desse roma var av mahogny. Møblane i soveroma og i opphaldsroma var frå radiostasjonen si tid. I kjellaren låg kjøkkenet og matsalen til dei tilsette. Det er usikkert kor mange tilsette det var på det meste. Då dr. Eriksen kom frå Furuly helseheim på Stord, hadde han med seg bademeister og kjøkkensjef. Det var dessutan kjøkkensjenter, anretningshjelp, «stuepiker og værelse-piker», fyrbøtar/vaktmeister, altmoglemann, vaskeriperso-

nale, oversøster, to massøser og fire sjukepleieelevar (1929–1930) som alle hadde kost og losji på sanatoriet.

Tilbygget til Idunshall hadde eigen inngang. Her var dokterkontoret. På kontoret var det fine mahognimøblar (skrivebord og bokhyller) frå radiostasjonen si tid.


### *Trudvang*

Trudvang låg til høgre for innkjørsla til tunet. Direktør-bustaden låg i søre halvparten av første etasje. Det var her Harald Årstad budde med familien sin. Bustaden var fint innreia med private møblar. Når det kom nye pasientar til Nærland, kom alltid fru Årstad ut og ynskte dei velkomne.

Nordre delen av bygningen var ikkje innreia fullstendig i første etasje. Roma her vart nytta til systove. Det var mykje sengtøy og anna lintøy som måtte halddast i orden. Sjukepleie-elevane hadde og litt av undervisninga der. Elevane budde på kvistroma i loftsetasjen saman med andre av dei tilsette.

### *Helheim*

Helheim låg og på høgre sida av hovudinnekjørsla men i nordvestre enden av tunet. Dette var direktør-bustaden i radiostasjonen si tid. I sanatorietida var huset dokterbustad. Familien Eriksen budde her først. Dr. Eriksen slutta ved sanatoriet i desember 1928. Gottfred Mayer frå Oslo vart tilsett som dokter frå 1929. Ekteparet Mayer hadde fleire småbarn. Familien hadde både tenestejente og barnejente. Sjukepleieelevane og dei tilsette på sanatoriet hadde liten kontakt med familien. Mayer hadde også kontor på Bryne. Då sanatoriedrifta vart nedlagt, flytte familien til Oslo att.




10231. Interiør - Luseoverelse og Billard.

Fot. Normann



10238 Sanatoriet - Nærland. Fra peisestuen

Fot. Normann



10236. Fra Sanatoriet - lukket spasergang til Varmbad og svømmehallen.

Fot. Normann




Interiør fra badet  
SANATORIET, NÆRLAND  
Foto. Viljugrein

Fotograf Carl Normann tok tre av disse bileta sommaren 1930. Øverst ser me to interiørbilete frå peisestova/leseromet i Idunshall. Billardromet ligg i bakgrunnen på biletet øverst til venstre. Møblane var frå radiostasjonen si tid. Dei vart alle selde på auksjonen etter at sanatoriet gjekk konkurs. Biletet nederst til venstre viser den lange spasergangen frå tunet til badet og behandlingsroma i den gamle radiomottakarstasjonen. Byggmeister Rasmus Garborg på Bryne laga denne trekorridoren.

Biletet nederst til høgre viser eit av behandlingsroma for giktpasientar. Fotograf Viljugrein tok dette.

\*Foto i privat eigefotoarkivet Hå folkebibliotek 1984/5 HÅ 23.



Dr. Erling Eriksen (1889–1935) frå Bryne var ein føregangsperson når det galdt behandling av folk med revmatiske lidingar. Han var ein av grunnleggjarane av sanatoriet på Nærland. På Nærland fekk giktpasientane ulike former for fysikalsk behandling og eit kosthald basert på rå grønsaker og anna vegetarkost.  
\*Foto i privat eige. Ukjend fotograf.

### *Vasstårnet*

Vasstårnet låg midt i tunet. Nederst i tårnet var det ei pumpe som pumpa vatnet opp til vasstanken høgare oppe.

### *Hagepaviljongane*

Hagepaviljongane var nokre enkle hytter som vart bygde ved spaserstiane i den låge furuskogen rundt anlegget. Dei vart nytta som kvilehytter for pasientane når dei gjekk på turar.

### *Korridoren*

Korridoren var ein lang, innelukka passasje eller tunnel i trekonstruksjon som gjekk frå tunet og bort til den gamle radiomottakarstasjonen, eller «Badet» der behandlingsroma låg.

Korridoren var eit par hundre meter lang. Pasientane nytta korridoren når det var ruskever.

### *Badet*

Badet var ein fin gråsteinsbygning som låg nokre hundre meter nord for hovudtunet. Dette var den gamle radiomottakarstasjonen.

Bygningen hadde to behandlingsrom i søre delen av hovudetasjen (kvinne- og mannsavdeling) og badebasseng tvers over bygningen i nordre enden. Romet med badebassenget var fint innreia. På veggene var det måla sjø, himmel og måkar som fauk. Sjølve bassenget var opplyst i botnen. Bassenget hadde oppvarma sjøvatn. Ein kunne og dusja i sjøvatn. Vatnet vart pumpa opp frå sjøen og varma opp i eit stort fyrrom i underetasjen. Pumpehuset stod eit stykkje opp frå stranda. Bassenget vart ikkje nytta av kvinner og menn samstundes. To gonger i veka var det ope for bygdefolk, ein dag for kvart kjønn. Det var då helst folk frå Nærbø som kom.

I dei to roma ved sida av bassenget var det dusjar og utstyr til massasje og til behandling med varme pakningar. I underetasjen var det avkledningsrom og dusjar. Det var dessutan behandlingsrom for høg-fjellsol, dampbad, tangbad og diatermi (elektrisk varmebehandling).

## **Pasientgrupper og behandlingsopplegg**

### *Rikfolk på kur og lokale giktpasientar*

Sanatoriet hadde to hovudgrupper av pasientar. Den eine og kanskje største gruppa var velstående folk frå Stavanger og Bergen som var på såkalla kuropphald på Nærland. Slike opphald vart ikkje dekkja av lokale sjukekassar. Desse rikfolka var ikkje alltid så sjuke. Søstrene Berentsen i Stavanger og konsul Sigval Bergesen og kona hans kom på årvisse besøk i sommarhalvåret. Personalet fekk strenge instruksar om ikkje å seia du når dei snakka med pasientane. Bergesen skulle dessutan alltid tituleraast som herr konsulen.

I tillegg til byfolka som kurde på Nærland, kom det pasientar med revmatiske lidningar eller nerveproblem og pasientar som skulle på avmagring som det heitte. Pasientane frå distriktet hadde som oftast revmatiske lidningar. Opphalda deira vart dekkja av lokale sjukekassar. Fysikalsk behandling var den eine hovuddelen av behandlingsopplegget, kosthaldet den andre.

### *Fysikalsk behandling*

Badebassenget på Nærland var i si tid det første i landet med oppvarma sjøvatn. Dette var eit nytt tilbod for giktpasientar. Pasientane fekk dessutan såkalla tangbad. Då vart dei gnidde inn med tangblad medan dei bada i oppvarma sjøvatn. På Furuly helseheim gnidde ein pasientane med grove klutar tilsett salt. Behandling med varme pakningar, dampbad, diatermi og høg-fjellsol vart også nytta på Nærland.

### *Kosthaldet*

På Furuly helseheim hadde dr. Eriksen spesialisert seg på råkost og vegetarkost som ein del av behandlingsopplegget overfor giktpasientar. Dette var noko nytt. Eriksen vart ein føregangsmann på dette området. Kjøkkensjefen Hansine Berg frå Volda var spesialutdanna innan dietetisk kosthald. Kvar morgon fekk giktpasientane ei mugge (ca. 1/2 liter) med potetsø som dei skulle drikka «på fastande hjarta» før dei stod opp. Personalet gjekk rundt med muggane på pasientroma. Morgons- og kveldsmaten var ganske vanleg. Pasientane fekk kneippbrød og pålegg. Det var middagsmåltidet som var den viktigaste delen av behandlingsopplegget. Kvar onsdag var fisk hovudretten og kvar sundag kjøt. På sundagane vanka det og fromasje til dessert.

Dei andre dagane vart det berre servert vegetarkost, som linse – eller nøttepudding og vegetarkarbonader. Den viktigaste delen av middagsmåltidet var likevel råkosten. Alle pasientane måtte først eta ei skål med malte grønsaker og frukt som til dømes appelsin, eple og neter. På kjøkkenet var det ei stor maskindreven grønsakkvern. Når Hansine Berg laga denne råkostsalaten, rørte ho alltid inn kokosmasse, rosiner og kremfløyte til slutt, før serveringa. Denne råkostsalaten var eit av vidundermidla mot giktplagene.

### **Sanatoriet vert skulestad**

I januar 1929 averterte dr. Mayer i lokalavisene at han ville ta opp elevar i fysikalsk sjukepleie ved sanatoriet på Nærland. Fire av søkjarane vart opptekne og tok til med utdanninga si frå april 1929. Desse var Valdis Line (g. Risa), Målfrid Opstad (g. Kjos-Hanssen), Gunvor Vagle (g. Lindemann) og





*Sjuepleieelev Valdis Line går tur med ein av pasientane, tidl. diakonisse, frk. Coucheron Aamot. Rullestolen var hennar eigen som ho hadde med seg frå «Frøkenstiftelsen» i Stavanger der ho budde. Frk. Coucheron Aamot kom fleire gonger til Nærland. Ho var plaga av gikt, som dei fleste pasientane ved sanatoriet. Den tidlegare diakonissa var ei elegant dame. Hatten med silkeband og dei fine byklede hennar syner ikkje så vel på dette biletet.*

*\*Foto i privat eige. Ukjend fotograf.*

Gunvald Øye. Øye slutta etter eit halvt års tid. Etter han kom Einar Jakobsen. Også han slutta etter kort tid. Dermed vart det berre tre jenter som utgjorde det første og einaste elevkullet i sanatoriet si korte historie.

Elevane hadde både teori og praksis på Nærland. Dei vart dermed til billeg arbeidshjelp. Teorien var omfattande. Elevane fekk teoretisk undervisning i

anatomi, fysiologi, fysikalsk terapi og sjukepleie. Dei fekk dessutan praktisk undervisning i massasje, sjukegymnastikk, fysikalsk behandling (vannbehandling, lys- og diatermibehandling) og sjukepleie. Dr. Mayer og oversøster Alvilde Sandberg frå Bergen stod for undervisninga. Før Sandberg var Berte Pollestad frå Time oversøster på Nærland. Ho gifta seg og flytte til Bergen. Til den tre-årige utdanninga hørde og opplæring i dietetisk kosthald. Elevane hadde då eit tre månaders kurs hos kjøkkensjefen på Nærland. Frå oktober 1930 fekk dei eit halvt års vanleg sjukehuspraksis. Dr. Mayer ordna med sjukehusplassar til elevane i Stavanger og Egersund. I mars 1931 skulle dei koma tilbake til Nærland og halda fram med utdanninga der. Denne skulle avsluttast med eksamen etter tre månaders opplæring på Ortopedisk institutt i Oslo eller på Dr. Arboes Institutt i Oslo. Slik gjekk det ikkje.

### Sanatoriet går konkurs

Medan dei tre elevane var ute i sjukehuspraksis gjekk sanatoriet konkurs. Dette skjedde ved årsskiftet 1930/1931.

«Bekjentgjørelse om at sanatoriet har åpnet akkordforhandling» vart datert 8. nov. og tinglyst 11. november 1930.

Me skal ikkje her ta opp kva som var grunnane til konkursen. Det er innlysande at det ikkje kunne verta noka stor forteneeste på å driva ei så kapitalkrevjande verksemd som sanatoriedrifta var. Usemje om drifta mellom eigarane av sanatoriet spela nok også inn.

Sanatorietida på Nærland vart kort, endå kortare enn radiostasjonstida. Den norske Staten ved Sosialdepartementet kjøpte anlegget på auksjonen. Auksjonsskjøtet vart datert i mai, og det vart tinglyst i september 1932. I august 1939 fekk «De norske dia-



*Ein av pasientane «kurer» i ei solkrå ute og har selskap av direktørkona, fru Årstad, og tre av dei tilsette ved sanatoriet. Kaffibordet er dekket med kvit duk og blomar. Dei fem kvinnene er frå venstre, massøsen (som dei sa då) frk. Åsane, pasienten fru Beyer frå Bergen, fru Årstad frå Stavanger med tidstypisk hatt, fung. oversøster Ase .....? og kjøkkensjefen Hansine Berg.*

*\*Foto i privat eige. Ukjend fotograf.*

koners broderforbund» skjøte på eigedomen frå staten. Dei hadde planar om å opna ein heim for psykisk utviklingshemma. Andre verdskrigen sette ein stoppar for planane. Tyskarane okkuperte då dei tome bygningane. Etter fredsslutninga i mai 1945 vart

bygningane ei kort tid bustad for Sørøyfolket frå Finnmark. I 1948 kunne endeleg diakonforbundet ta i bruk eigedomen sin og ta til med utbygginga av arbeids- og pleieheimen for åndssvake, som var namnet på institusjonen dei første åra etter 1948.

**Lisabet Risa**

Førstearkivar/bygdebokforfattar

Adresse: 4362 Vigrestad

# DEI GLØYMDE HELTANE

## Husmødrene sin innsats under andre verdenskrigen

DAGMAR VAULE

*I denne artikkelen fortel Dagmar Vaule om husmødrene sin innsats i heimen under andre verdenskrigen. Husmødrene måtte vera ekstra oppfinnsame når det galdt å skaffa mat og klede til familiare sine. I ettertid har me lett for å gløyma dette viktige arbeidet. Dagmar Vaule er oppvaksen i Gjesdal. I dag er ho bondekone på Vaule i Bjerkreim.*

Det har vorte skrive mange bøker, og det har vore tema i mange taler dei siste 45–50 åra, om heltedådar og vågemot under okkupasjonen. Men ei gruppe, husmødrene, har det vore heller stilt om. Dei gjorde sin innsats kvar dag desse åra, for å gjera det beste ut av dei rasjonane som me fekk tildelt av mat og klede, og rasjonane vart mindre for kvart år. Dei som ikkje fekk anna enn rasjonane t.d. fattigfolk i byane hadde det vanskeleg. Maten var det viktigaste, og det var nok stor skilnad på stoda i by og bygd. Folk på gardane kunne bruka ein del av produktene frå garden til eigen familie, og mange delte med dei som lite hadde. Matvarer var og eit godt byttemiddel. Matstellet på gardane var i førstninga nokså likt dei var vane med. Dei hadde kjøt, mjølk, smør, egg og ein del mjølvarer. Men tvangsleveringane vart meir omfattande etterkvart. Husmødrene måtte tøya det dei hadde så langt råd var. Slaktet vart nytta ut som i tidlegare tider. Alt feitt vart teke vare på, og då var det ikkje snakk om stjernegris og stjernelam. Dei plukka feitt av tarmar og innvollar, vatna det ut, mol det på kvern, eit svært tungt arbeid. Feittet vart koka med ein del vatn, og produktet var fin kvit talg, smult

av gris. Talg vart bruka i matlaginga, m.a. steikt med løk til fisk. Av innvollane vart ein del bruka til mårpølse. Det vart vatna ut, male på kvern og stappa i reingjorde tamar. Blodet vart nytta til komla, pølse, pannekaker. Kjøt og flesk vart for det meste salta, men noko vart hermetisert. Alt dette arbeidet hadde husmora ansvaret for. Av og til vart feitt av dårleg kvalitet bruka til såpe.

Det var strengt forbode å bruka meir enn dei fastsette kvotane av kjøt, så det hende nok tidt at slaktinga gjekk føre seg i «nattas mulm og mørke», særleg det som vart levert til andre. Å skaffa seg matvarer på ulovleg vis vart kalla hamstring. Dei kom ofte syklande frå byar og tettbygde strøk og skulle prøva å frakta kjøt og andre matvarer med seg, utan at tyskarane oppdaga det. Det var mykje tyske vakter etter vegane, og vart dei kontrollerte så var straffa like stor både for dei som leverte og dei som tok imot. Det var ofte husmora sin jobb å hamstra, og ei vid kåpe gøymde både det eine og andre av matvarer.

Gardsarbeidet sleit svært på klede og sko, i den tida vart så mykje av arbeidet gjort med handamakt. På dei gardane der dei hadde sauer, spann dei ein del



Dagmar Vaule opplevde ikkje berre krigskvardagen som ung jente i Gjesdal. Ho var og med i motstandsørsla, og ho var elev ved Ryggjabbø husmørskule på Finnøy, hausten 1944. Der lærte ho korleis husmødrene måtte innretta seg i ei tid med mangel på både mat og klede. Etter krigen vart Dagmar Vaule bondekone i Bjerkreim. Her sit ho i høylasset på Vaule, sommaren 1950. Eldste sonen Kåre står i framgrunnen. Dei tre mennene er frå venstre svigerfaren Kristian Vaule og to hyttefolk frå Stavanger, fylkesagronom Hallvard Roalkvam frå Suldal og snekkar Olav Nevdal frå Lindås.

\*Foto i privat eige. Fotograf Lloyd Vaule.

garn, men det var seint arbeid, det var nok helst dei gamle konene som gjorde det arbeidet. Ull kunne og byttast mot garn og ullteppe på Ålgård og Oltedal. Kleida vart bøta og stelte, mange husmødre var reine meistarar på det. Likeeins var det mykje omsaum. Då var det godt å ha gamle klede, som vart snudde og vende og pynta på, resultatet kunne verta ganske bra, og kvaliteten på det gamle tøyet var mykje betre enn det nye som var å få kjøpt. Eg minnest ein kjole eg sydde meg, stakken var ei vid mannfolkbukse, grå, armar og framstykke var frå ein bluse som var for liten, grå, raud og mørk blå, ryggen var ein mørk blå strakk, eg tykte eg var svært stilig i den. Ei kone som var svært flink til å utnytta kleida, fortel at dei heimestrikka jumprane til ungane vart nytta til livstykke når armane var utslitne, og når dei ikkje lenger var brukane, enda dei som gryteklutar. Ungane og kvinnfolka bruka lange heimestrikka sokker, dei vart bøta lenge og vel på kne og i fot. Så vart dei utslitne sokkeføttene avklyppte, leggen vart snudd så kneet kom bak, og nye føtter spøta på. Dette var eit par døme på korleis dei nytta og stelte vel med kleida. I den tida var det stor skilnad på søndagsklede og kvardagsklede. Husmora sytte for at folka henner var så hamslege som ho vann med.

For husmora som ikkje hadde garden å ty til var det nok verre. Men hadde dei ein hagefleck vart den nytta til matauk. Dei dyrka først og fremst poteter, men og grønnsaker som kom vel med i kosthaldet. Ein vanleg middagsrett var kålrot steikt i tran, fisk og sild vart og steikt i tran. Potetmjøl vart laga av poteter, der dei hadde nok av dei.

Det meste av det husmora trong i hushaldet var rasjonert, og rasjonane vart mindre etter som tida gjekk. Ofte var det lange køar, når det spurdest at ein butikk hadde fått inn varer, det kunne være matvarer,

tøy, sko eller anna. Det var ofte husmora som måtte gjera den jobben og. Alt av mat måtte drygast og sparast på, så det rokk til neste gong dei fekk tak i det dei trong. I hushaldet der det var ungar i vokster og vaksne i tungt arbeid var nok stoda vanskeleg. Men husmødrene var dyktige til å innretta seg, dei gjorde ein innsats det står respekt av, både i by og bygd.

Det kom i handelen mykje erstatningar for varer som var uråd å få tak i. Me kan nemna kaffi, te og søtstoff. Dei små sukkerrasjonane vart ofte nytta til sylting og saft, og så nytta dei det kunstige søtstoffet i den daglege maten. Bakemjølet som vart selt på rasjoneringskorta hadde dårleg bakeevne, og kjøpebrøda var og av dårleg kvalitet. Heimekveite kom vel med for dei som kunne få tak i det. Sikta havremjøl var fint til vafler og pannekaker. Hirse var og eit produkt me vart kjende med, av den koka dei graut, mange lika den godt, særleg om det vart koka med heilmjøl.

Toalettsåpa var svært dårleg, den var kalla B såpe. Vaskepulveret var ikkje rare greiene så det var vanskeleg å få kleida reine. Gravide fekk litt ekstra av ymse varer, også baby og småborn. Men det var vanskeleg å få tak i bleier og anna babytøy, og om ein var heldig og fekk tak i noko så var det av dårleg kvalitet.

I 1944 gjekk eg på husmorskule. Der fekk me læra litt om korleis ein dryga maten, m.a. smøret:

### **Krisesmør:**

2 s.s. smør

3 s.s. mjøl

*litt mjøl*

*Kok opp mjøl og mjølk.*

*Rør i smøret til slutt.*

### **Krigssmør frå 1918:**

800 gr. kokte poteter    *Mal poteter tilsett det andre.*  
2–3 s.s. mjølk el. fløyte    *Smørfargen til slutt.*  
250 gr. smør  
4–5 t.s. salt  
*smørfarge*

### **Smørdrøye med grønt:**

100 gr. kokte poteter  
50 gr. smør  
*1 stor s.s. hakka persille*

### **MIDDAGSRETTER ANNO 1944**

#### **Potetkarbonader:**

1 1/2 kg rå poteter    *Riv potetene, tilsett salt,*  
100 gr. byggmjøl    *peppar og mjøl. Legg på*  
1 t.s. salt    *panne med skei, trykk dei*  
1/2 t.s. pepparerstatning    *ut til flate kaker, server*  
1 tefat løk    *med bruna løk.*

Trass alt var Jæren betre stillt enn mange andre stader i landet, med omsyn til mat. Husmødrene var for det meste oppvaksne på gard, så om dei ikkje sjøl var gardakoner, så hadde dei far eller bror som var bonde, og det kom vel med. Ei husmor som nå er 90 år og hadde stor familie og hus og hage i tettstad sa det slik: *Det va di velsigna «eplo» så berga oss.* Som døme på dette nemnde ho *eplemad*, ein rett som dei av og til bruka til middag. Den vart laga slik: *Kok poteter. Mal eller mos dei. Kok opp mjølk og ha i*

#### **Grønsakfrikase:**

1 kg kål  
1 kg gulerøtter  
1 kg poteter  
3/4 kg kålrot  
2 s.s smør  
3–4 s.s. mjøl  
1 s.s. salt  
1 l. vatn

*Ha først smøret i gryta  
legg grønnsakene lagvis,  
strø mjøl på, slå på vatn.*

#### **Raudbetbiff:**

1 1/2 kg raudbetar    *Kok raudbetane såvidt møyre*  
litt eddik    *i saltvatn. Skrell og skjær*  
mjøl, salt    *i tjukke skiver. Snu dei i*  
pepparerstatning    *mjøl, steik i matfeitt.*  
rikeleg løk    *Server med bruna løk.*

*potetene til ein tjukk graut, server glovarmt med smøraue og fladbrød til.*

Med dugande husmødre kan dei flest velberga gjennom krigen, sjølv og rasjonane var små. Attåt strevet med mat og klede, hadde husmødrene også andre suter. Krigen førde med seg farer av mange slag, arrestasjoner, terror, så mange gjekk i stadig angst for mann og born, og ofte var kvinnene sjølv aktivt med i motstands-rørsla. Husmødrene sin innsats var svært viktig for landet, og me må med rette kunne kalle dei kvardagsheltar.

**Dagmar Vaule**

Bondekone.

Adresse: 4389 Vikeså